

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Laila Bjørge		16/929

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
26/2016	Utval for drift og utvikling	PS	19.04.2016

Revidering av tiltaksstrategi for tilskotsordninga SMIL (Spesielle miljøtiltak i landbruket) 2016-2019

Vedlegg:

Tiltaksstrategi for SMIL 2016-2019 (3)

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Tiltaksstrategi for tilskotsordninga SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket) gjekk ut i 2015. I forventningsbrev frå Fylkesmannen for 2016 i vart dei kommunane som hadde utgåtte SMILstrategiar bedne om å rullere dei. Meland kommune sin strategi gjaldt til og med 2015.

På kommunenivå skal programmet bidra til at lokale utfordringar og mål vert løyst i tråd med overordna målsettingar, men på ein slik måte at lokale verdiar knytt til jordbrukslandskapet vert teke vare på og skjøtta, slik at det mangfald som finst i landet knytt til natur, miljø og landskap vert halde i hevd og teke vare på.

Smil-forskrifta med tilhøyrande rundskriv vart revidert i 2015. Det er no berre dei som oppfyller vilkåra i produksjonstilset og avløyartilskot i jordbruket som kan søkja. Dersom dei leiger arealet må eigar må gje samtykke til gjennomføring av prosjekt eller tiltak etter denne forskrifta.

Etter at krav til miljøplan ble avvikla frå 2015, er miljøkrav og reglar for miljøomsyn vidareført gjennom eksisterande regelverk for jordbruket. Sentrale miljøkrav for å ivareta biologisk mangfold og kulturminne, godt vannmiljø og trygg mat, er vidareført gjennom eige regelverk. Her gjeld bestemmelsar mellom anna etter naturmangfaldslova, kulturminnelova, forureiningslova, jordlova og matlova. Dette gjeld til dømes regelverk om gjødsling og bruk av plantevernmiddel.

Tiltaksstrategien er sendt på høyring til Meland Bondelag og Lindås og Meland sau og geit.

Vurdering

Dei spesielle miljøtiltaka i landbruket (SMIL) er ein del av det nasjonale miljøprogrammet for jordbruket. Dette programmet skal synleggjere den samla innsatsen frå jordbruket for å styrke miljøarbeidet. Miljøprogrammet har ein sentral del og ein regional del (regionalt miljøprogram, RMP). Den regionale delen vert vidareført på lokalt nivå, ved at kommunane får tildelt ein sum tilskotsmiddel (SMIL) som skal nyttast til å gjennomføre tiltak i kommunen som bidreg til å løyse

jordbruket sine samla miljøutfordringar.

Mål for landbruk og kulturlandskap i kommuneplan 2014-2025 er å leggja til rette for eit livs- og berekraftig landbruk og ta vare på landskap og kulturminne gjennom aktiv og berekraftig bruk. Likeeins er omsynet til folkehelse tillagt vekt og folket sin tilgang til kulturlandskap og verdfulle naturlandskap. Tiltak for å sikre dei verna vassdraga skal vektleggjast.

Strategien byggjer i stor grad på tidlegare strategiar og erfaringar og vidareføring av arbeidet som har vore lagt ned med omsyn på kulturlandskap, biologisk mangfald og kulturminne. Det er dessverre vorte stadig mindre tilskotsmidlar til ordninga, sjølv om kommunen opplever stor søknadsinteresse frå landbruket. Dette gjer det naudsynt med strengare prioriteringar. Utval for drift og utvikling har tidlegare gitt uttrykk for at hesjing ikkje bør vera prioritert for tilskot. Administrasjonen har ikkje teke stilling til dette i den nye strategien.

I vedlagt strategi er det gjort framlegg om fylgjande prioriteringar:

Prioriteringar 2016-2018 for bruk av SMIL-midlane:

1. Framleis satsing på biologisk mangfald, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar som kystlyng og strandeng. Denne særlege satsinga skal ikkje fortrenge søknadar som gjeld vanleg beitemark, men er det knappe middel skal ein prioritere kystlynghei og strandeng dersom det kjem slike søknadar.

2. Tiltak hjå nyetablerte bønder dei 5 første åra etter overtaking

3. Tiltak knytt til å setje i stand bygningsmasse med tanke på ny aktivitet under gamle tak eller tradisjonell bruk og tiltak knytt til tørrmura element og heilskapleg kulturmiljø

4. Gjennomføring av fellestiltak knytt til kartlegging av avrenning frå landbruksareala til vatn og vassdrag.

Dersom det er stor rift om pengane bør, bør ein prioritere tiltak som vil vere med å sikre levedyktige bruk, levedyktige grender og tiltak der mange samarbeider for å oppnå heilskapleg verknad.

Administrasjonen vil når strategien er vedteken laga eit enkelt informasjonshefte om ordninga med søknadsprosess og retningsgjevande satsar for ulike typar arbeid.

Konklusjon

Administrasjonen meiner at ei vidareføring av dei tiltaka ein har hatt tidlegare er fornuftig, og gjer framlegg om at den vert godkjent med dei endringar som er gjort.

Framlegg til vedtak:

”Utval for drift og utvikling godkjenner dei prioriteringane som er gjort frå administrasjonen, og vedtek den framlagte strategien som gjeldande strategi for bruk av SMIL-midlar i Meland kommune for perioden 2016– 2019.”

Utval for drift og utvikling - 26/2016

UDU - behandling:

Landbrukssjef Laila Bjørge orienterte om SMIL-ordninga.

UDU - vedtak:

”Utval for drift og utvikling godkjenner dei prioriteringane som er gjort frå administrasjonen, og vedtek den framlagte strategien som gjeldande strategi for bruk av SMIL-midlar i Meland kommune for perioden 2016– 2019.”